# Girl Power UB til Ukraina

Girl Power UB til Ukraina
Ungdomsbedrifta Girl Power UB reiser til Ukraina tysdag 19. mai for å vere med og pusse opp ein barneheim i byen Strumok like utanfor Odessa.

Oppussingsarbeidet ved barneheimen vert finansiert ved hjelp av midlar som ungdomsbedrifta har samla inn.

Ungdomsbedrifta har innleidd eit samarbeid med hjelpeorganisasjonen Emanuel som mellom anna arbeider for born i Ukraina. Girl Power UB skal besøkje gateborn i Odessa og bli kjent med borna som skal bu på den nye barneheimen.

Det er åtte jenter frå studieprogram for helse- og sosialfag som driv ungdomsbedifta Girl Power UB. Jentene har siste skuleåret tatt på seg eit stort ansvar under mottoet «Vi vil, vi tør og vi skal».

Vi ynskjer jentene god tur og lukke til med arbeidet i Ukraina (Tekst: Helen Longva Fet).

På
**biletet** ser du f.v. Anne Marie Gleichmann, Amalie Brunstad, Marianne Burow, kontaktlærar Målfrid Lødøen, Ingeborg Brunstad, Karianne Skotte, Malin Benedikte Løseth og Benedikte Fylling.

Les om Girl Power UB i andre media:

Sunnmørsposten29. mai 2009

NRK Møre og Romsdal14. mai 2009

Nytt i Uka 29. februar 2009



2009.05.17 22:22

Nei